

Forskingsmelding for Høgskulen i Volda 2019



Lagt fram som sak for Forskingsutvalet 29. mai 2020 og for Høgskulestyret 11. juni 2020.

Volda 3. juni 2020

Henriette Hafsaas

Forsningsmelding for Høgskulen i Volda 2019

Innhald

Om meldinga: Føremål og kjelder	3
1. Hovudpunkt og tilrådingar i Forsningsmeldinga 2018.....	4
1.1. Styringsparameterar for forskning	4
1.2. Hovudpunkt.....	5
2. Forskningsstrategien til Høgskulen i Volda	7
3. Sentrale støttefunksjonar og verkemiddel for forskning og utvikling.....	8
3.1 Forskningsadministrasjonen.....	8
3.2 Forskningsutvalet	8
3.3. FoU-arbeidet på avdelingane	9
3.4 Internasjonalisering av forskinga	9
3.5 Støtteordningar for forskning.....	9
3.6 Publiseringssutvalet	11
3.7 Forskningsetikk.....	12
4. Doktorgradsutdanning	13
4.1 Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag	14
4.2 Gjennomstrøyming av stipendiatar.....	14
4.3 Forskarskular	15
4.4 Ressursar til stipendiatar	15
5. Publisering og formidling	16
5.1 Vitskapleg publisering ved Høgskulen i Volda.....	16
5.2 Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker.....	18
5.3 Internasjonal publisering.....	19
5.4 Publisering og kjønn	20
5.5 Formidling og interne publiseringspoeng	21
6. Bidrags- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid	23
6.1 Noregs forskingsråd.....	23
6.2 EU-midlar.....	24
7. Fagtilsette: Kompetanse, alder og kjønn.....	25
7.1 Fagleg kompetanse.....	25
7.2 Kjønnfordeling	27
7.3 Aldersfordeling	28
7.4 Mellombelse tilsette.....	29
7.5 Kompetanseopprykk i 2019.....	29
Vedlegg 1: Forskningsgrupper ved Høgskulen i Volda	31
Vedlegg 2: Forskningsutvalets samansetning i 2019.....	33

Om meldinga: Føremål og kjelder

Styret ved Høgskulen i Volda (HVO) ønsker å få årlege forskingsmeldingar for å kunne vurdere status og utvikling i høgskulens forskingsverksemd. Forskingsmeldinga er eit verktøy for å synleggjere og konkretisere forventningane frå Kunnskapsdepartementet (KD) og dei strategiske måla til høgskulen, og å knyte desse saman med FoU-arbeidet til kvar enkelt fagtilsett. Den første forskingsmeldinga vart lagt fram i 2010, og denne meldinga er den tiande rekka.¹

Sidan 2017 har Forskingsmeldinga tatt utgangspunkt i KDs *Tilstandsrapport for høgare utdanning* og legg vekt på dei nasjonale måleparameterane.² Forskingsmeldinga for 2019 utgjer status pr. 31. desember 2019, men i somme høve er utviklinga i 2020 også omtala.

Meldinga er organisert i seks kapittel:

- Forskingsstrategien til Høgskulen i Volda
- Sentrale verkemiddel for forskning og utvikling ved Høgskulen i Volda
- Doktorgradsutdanning
- Publisering og formidling
- Bidrags- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid
- Fagtilsette: Kompetanse, kjønn og alder

Det er i hovudsak tre eksterne datakjelder som har vorte nytta i arbeidet med Forskingsmeldinga:

- *Tilstandsrapporten for høgare utdanning* (2020) skildrar tilstanden i universitets- og høgskulesektoren og viser utviklinga over tid. Når denne kjelda er nytta er det merka med «TR 2019».
- Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) inkluderer statistikk om mellom anna stillingskategoriar, årsverk og alder på vitskapleg tilsette. Denne kjelda er markert med «DBH».³ Statistikk om tilsette er personalsituasjonen pr. 1. oktober det enkelte år.
- Forskingsinformasjonssystemet *Cristin* der vitskaplege publiseringar og annan forskings- og utviklingsaktivitet vert registrert.⁴ Ei potensiell feilkjelde hos Cristin er at systemet fungerer delvis etter prinsippet om sjølvrapportering. Cristin-registreringane utgjer grunnlaget for statistikk om publisering i DBH og for utrekning av interne formidlingspoeng ved HVO.

Interne dokument som har vorte nytta i arbeidet med Forskingsmeldinga er:

- Strategiplan for Høgskulen i Volda 2017-2020 (Vedtatt 26.01.2017 og revidert 08.03.2018).⁵
- Planar for 2020.⁶
- Årsrapport 2019-2020.⁷

HVO høyrer til gruppa av statlege høgskular. Det er berre fem statlege høgskolar (STH) igjen etter fusjonane i UH-sektoren dei siste åra: Høgskolen i Innlandet (HINN), Høgskolen i Østfold (HiØ), Høgskulen i Volda (HVO), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Samisk høgskole (SH). I fleire statistikkar i denne meldinga er Høgskolen i Molde (HiM), som er lokalisert i Møre og Romsdal, også tatt med i samanlikningane, sjølv om det er ein statleg vitskapleg høgskule.

¹ <https://www.hivolda.no/forsking/forskingsmelding>

² <https://diku.no/rapporter/diku-rapportserie-03-2020-tilstandsrapport-for-hoeyere-utdanning-2020>

³ <http://dbh.nsd.uib.no/>

⁴ <https://app.cristin.no/>

⁵ https://www.hivolda.no/strategiplan_revidert

⁶ https://www.hivolda.no/Planar2020_vedteken_05.12.19

⁷ https://www.hivolda.no/Årsrapport_2020

1. Hovudpunkt og tilrådingar i Forskingsmeldinga 2018

Forskingsmeldinga for 2019 viser at Høgskulen i Volda har utfordringar med å heve seg på dei nasjonale måleparametrane som gjeld vitenskapleg publisering, eksterne inntekter og fagleg kompetanse. Ei viktig årsak til at nivået på forskingsaktiviteten vert lågare enn ved andre institusjonar er at Høgskulen i Volda er mellom dei mest effektive i å produsere studiepoeng pr. fagtilsett (TR 2019: 22 og vedleggstabell 2.16). Det er likevel fleire positive tendensar når det gjeld måloppnåing. Med strategiske grep og målretta arbeid vil vi få fleire positive resultat i åra framover.

1.1. Styringsparameterar for forskning

Både Kunnskapsdepartementet og Høgskulen i Volda har styringsparameterar for forskning. Tabellen nedanfor syner resultat og måloppnåing for Høgskulen i Volda i 2019. I kolonna for 2019 viser grøne tal til at HVO har nådd målet for 2019 og raude tal viser der måla ikkje har vorte nådd. Lysegrøn bakgrunn illustrerer at vi har hatt ei positiv utvikling på resultatet i 2019 medan lyseraud bakgrunn syner ein negativ utvikling. Svarte tal viser til nye måleparameterar for 2020.

Tabell: Måleparameterane for forskning frå KD og HVO. Resultat og måloppnåing for Høgskulen i Volda i 2019, samanlikning med dei to føregåande åra, gjennomsnitt for statlege institusjonar i 2019 og ambisjonar for 2020 (Årsrapporten 2019). I kolonna for 2019 viser grøne tal til at HVO har nådd målet for 2019 og raude tal viser der måla ikkje har vorte nådd. Lysegrøn bakgrunn illustrerer at vi har hatt ei positiv utvikling på resultatet i 2019 medan lyseraud bakgrunn syner ein negativ utvikling.

Måleparameter	2017	2018	2019	Ambisjon 2019	Ambisjon 2020	Snitt statlege 2019
KD: Gjennomstrøyming i doktorgradsutdanninga	33	0	25	-	Ny for HVO	66
KD: Publiseringspoeng pr. fagleg årsverk	0,51	0,42	0,46	0,50	0,50	1,21
KD: Verdien av Horisont 2020-kontraktar pr. FoU-årsverk	-	-	-	5	5	Tal har ikkje kome enno
KD: Bidragsinntekter frå Forskningsrådet pr. fagleg årsverk	11,45	11,80	12,21	15	13	162,98
KD: Del kvinner i dosent- og professorstillinger	24,48	22,43	28,17	26	30	32,27
KD: Mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillinger	11,67	16,53	17,12	10	10	15,5
HVO: Tal interne FoU-poeng pr. fagleg årsverk	28	29	26	35	Utgår frå 2020	-
HVO: Tal publiserte kronikkar	26	30	39	Ny i 2019	45	-
HVO: Del førstestillingar av totalt tal U- og F-stillingar	53	52	49	55	55	
HVO: Del kvinner av tilsette med førstekompetanse	41	40	46	45	50	
HVO: Del internasjonale samforfattarskap	8,59	7,14	16,63	Ny i 2019	20	47,29

Tabellen viser at HVO har nådd måla for måleparameterane som gjeld prosentdel kvinner i professor- og dosentstillinger (KD) og prosentdel kvinner av tilsette med førstekompetanse (HVO). Det har i tillegg

vore ei positiv utvikling for måleparameterane for publikasjonspoeng pr. fagtilsett (KD), bidragsinntekter frå Forskningsrådet pr. fagleg årsverk (KD) og tal publiserte kronikkar (HVO). HVO har ikkje lykkast med ambisjonane om å redusere talet på mellombels tilsette (KD) og har ein svakare gjennomstrøyming i doktorgradsutdanning (KD) enn ønskeleg. Det har også vore ein reduksjon i prosentdelen førstekompetente i undervisnings- og forskingsstillingar (HVO) og i talet på interne publikasjonspoeng pr. UFF-tilsett (HVO).

1.2. Hovudpunkt

- I 2019 vart det tildelt fire doktorgradar til stipendiatar som har hatt HVO som arbeidsgivar. Den delen av eit årskull stipendiatar som har disputert innan seks år etter oppstartsåret på doktorgradsprogram er ein nasjonal styringsparameter. Ved HVO hadde 25 prosent av stipendiatane som starta i 2013 disputert innan 2019. Det nasjonale gjennomsnittet er 66 prosent. Talet for årskullet som starta i 2014 er allereie nærmare det nasjonale gjennomsnittet (sjå Tabell 8 nedanfor).
- Publiseringspoeng pr. fagleg årsverk er den nasjonale måleparameteren for både volum og kvalitet på vitenskapleg publisering (TR 2019: 53). Det var ein auke både i publikasjonspoeng totalt og pr. faglege årsverk ved HVO i 2019. Likevel kjem HVO framleis dårlegast ut blant dei statlege høgskulane når det gjeld publiseringpoeng pr. faglege årsverk. Det var dessutan ein reduksjon i talet på publikasjonar på nivå 2, som gir høgast uttelling. HVO har hatt ein auke i talet publikasjonar på engelsk og i talet på publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap. I 2019 vart 2,3 millionar kroner frå potten som har gått til premiering av interne FoU-poeng omdisponert til tiltak som kan auke den vitenskaplege publiseringa: midlar til forskingsgrupper og fleire FoU-stipend. Resultat frå dette kan byrje å slå inn i 2020, men det er sannsynleg at det tar litt lengre tid.
- Bidragsinntekter frå Noregs forskingsråd (NFR) pr. fagleg årsverk er saman med andre bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) indikatorar både på samspelet utdanningsinstitusjonane har med verda omkring og på forskingskvaliteten ved institusjonane. Det var ein marginal auke i inntekter frå NFR i 2019 – både total og pr. fagtilsett. Våren 2019 sendte HVO sin første søknad til Horisont 2020, og det vart sendt fem søknader til NFR med HVO-tilsette som prosjektleiarar. I tillegg vart det sendt ein stor søknad til Utdanningsdirektoratet om fagfornyninga i skulen. Diverre fekk ingen av desse søknadene tilslag i denne omgangen. Derimot fekk ein søknad der HVO er samarbeidspartnar midlar frå NFR.
- Prosentdelen kvinner i toppstillingane professor og dosent er éin av dei nasjonale måleparametrane. Ved HVO utgjorde kvinner 28,2 prosent av dei tilsette i faglege toppstillingar i 2019. Dette var ein kraftig auke frå føregåande år, og vi nærmar oss gjennomsnittet i sektoren. Heile sektoren er likevel langt unna likestilling på dette området, og vi held fram med å ta omsyn til skeivskapar ved tildeling av FoU-midlar. Nesten 70 prosent av stipendiatane ved HVO er dessutan kvinner, og dette vil sikre at rekrutteringa av kvinner i første- og toppstillingar held fram.
- Ved Høgskulen i Volda var 49,5 prosent av dei fagtilsette førstekompetente i 2019. Dette er ein vidare nedgang frå 2018 og 2017, og HVO har no den lågaste prosentdelen førstekompetente blant dei statlege høgskulane. I 2019 hadde 11 prosent av dei fagleg tilsette ved HVO toppkompetanse i form av professor- eller dosentstillingar, og det er ein nedgang på 3 prosentpoeng frå 2018. Det er positivt at prosentdelen toppkompetente i aldersgruppa 60 år og eldre har vorte redusert frå nærare 70 prosent i 2018 til 56 prosent i 2019. HVO står midt i eit generasjonsskifte når det gjeld toppkompetanse, og det er venta at talet på toppkompetente vil auke dei komande åra og at dei toppkompetente vil verte yngre.

1.3. Tilrådingar

Høgskulestyret, Forskingsutvalet, Forskingsadministrasjonen og avdelingane må ha fokus på å nå måla som er sett i *Strategiplanen for Høgskulen i Volda 2017-2020*, *Utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet* og *Planar for 2020*. Det må i større grad oppmuntrast til ein kultur for å forske.

Høgskulen må halde fram satsinga på kompetansebygging i form av doktorgradsutdanning. Stipendiatane har gode arbeidsvilkår i form av driftsmidlar, kontorplass og andre støtteordningar, og det vert organisert ulike forum som er viktige faglege møteplassar. Fullføring av doktorgraden må ha eit vedvarande fokus, og det må vere ei tett oppfølging av dei som vert forseinka.

Det er særleg viktig at høgskulen når målsettinga om å auke talet på publiseringspoeng til minst 0,5 poeng pr. fagleg tilsett i 2020 (Årsrapporten 2019-2020: 28) og 0,65 poeng pr. fagleg tilsett i 2022 i samsvar med Utviklingsavtalen. Vitskapleg publisering er fundamentalt for å etablere og oppretthalde fagmiljø med forskingskompetanse som gir utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. Vitskapleg publisering er også viktig for at dei fagtilsette skal få både kompetanseopptrykk og gjennomslag på søknader om eksterne forskingsmidlar, og dette er igjen med på å styrke forskinga ved fagmiljøa. Høgskulen bør sjå på tiltak som kan vere med på å auke talet på publikasjonar generelt og med internasjonalt samforfattarskap spesielt.

Målet om å organisere meir av forskinga innanfor forskingsgrupper er eit tiltak som har som intensjon å støtte arbeidet med både vitskaplege publikasjonar og søknader om eksterne forskingsmidlar (sjå Vedlegg 1 for oversikt over forskingsgrupper). I 2019 har forskingsgruppene for første gong fått midlar til fagleg aktivitet gjennom støtte til forskingsgrupper,⁸ og avdelingane er oppfordra til å gi tid på arbeidsplanane til leiarane av forskingsgruppene. Vonleg kan høgskulen hauste frå denne investeringa i forskingsgruppene i dei komande åra. Forskingsutvalet ønsker at det i løpet av 2020 vert utarbeida tydelegare retningslinjer for kva forskingsgruppene skal vere og ein betre presentasjon av forskingsgruppene på nettsida.

FoU-ressursane må brukast målretta og strategisk. Forskingsadministrasjonen må gå gjennom effekten av og eventuelt reviderer høgskulens verkemiddel for forskning – i første omgang dei mangeårige tiltaka FoU-stipend, professor-/dosentstipend og såkornmidlar. Dette er kompetansehevingstiltak som kjem frå løyvinga til satsingsmidlar i budsjettmodellen.

FoU-tida til den enkelte fagtilsette må nyttast til forskning og fagleg utvikling for å oppnå kompetanseheving. Sidan det er viktig for HVO å auke den vitskaplege publiseringa, må vi i større grad verne om forskningstida til dei tilsette. Det bør utarbeidast retningslinjer for timerekneskap ved HVO.

Såkornmidlane må nyttast slik at høgskulen sender fleire og betre søknader om eksterne forskingsmidlar. Det er viktig at dei som får såkornmidlar får tid til å gjennomføre prosjekta og/eller søknadene som dei har fått midlar til.

Det er viktig å ha eit kjønnsperspektiv ved tildeling av FoU-ressursar slik at høgskulen kan halde fram med å auke talet på kvinner i faglege første- og toppstillingar.

⁸ <https://www.hivolda.no/forskning/stotteordningar/stotte-til-forskingsgrupper>

2. Forskingsstrategien til Høgskulen i Volda

HVO har som mål å drive forskning og utviklingsarbeid (FoU) med høg kvalitet på ein slik måte at det gir utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. Målsettingar og handlingsplanar for FoU er inkludert i den gjeldande strategiplanen for Høgskulen i Volda som vart vedtatt av Høgskulestyret i januar 2017 og revidert i mars 2018. Det vert i 2020 arbeida med ny strategiplan for høgskulen som skal gjelde frå 2021. Det er viktig å synleggjere forskning i høgskulens prioriteringar i den nye strategiplanen.

Dei prioriterte satsingsområda for forskning og utvikling ved høgskulen er tre strategisk viktige felt: Dei nye grunnskulelærarutdanningane (GLU), ny engelskspråkleg masterutdanning i mediefag og PhD-utdanninga i helse- og sosialfag. I tillegg har utviklingsavtalen med KD fått inn eit punkt om ferdigheiter for framtida («Future skills»).

Ifølgje Strategiplanens mål for FoU og menneskelege ressursar skal HVO:

- stimulere til nasjonalt og internasjonalt tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid.
- gi studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid ved å involvere dei i aktuelle prosjekt.
- auke bidrags- og oppdragsinntektene.
- auke talet søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder.
- auke tal publiseringspoeng med 15 prosent.
- ha minst to forskingsprosjekt i samarbeid med Universitetet i Bergen.
- arbeide for at 60 prosent av fagstaben har førstekompetanse.
- doble talet kvinner i faglege toppstillingar.

I handlingsplanane har HVO som målsetting å:

- organisere meir av forskinga i forskingsgrupper.
- etablere ei forskingsgruppe saman med andre institusjonar innanfor nynorskfeltet.
- greie ut om vi skal opprette ei eiga oppdragseining for FoU-prosjekt.
- auke forskingsinnsatsen gjennom meir målretta prioritering av FoU-ressursane.
- leggje vekt på å formidle forskning i relevante vitenskaplege tidsskrift.
- leggje til rette for at det vert skrive søknader om eksterne midlar frå regionale, nasjonale og europeiske finansieringskjelder.
- auke dei eksterne inntektene gjennom fornya satsing på bidrags- og oppdragsaktivitet.
- auke søknads- og prosjektleiingskompetansen.

Vi jobbar framleis med å nå måla som er sett for 2020, men fleire av punkta i handlingsplanane er gjennomførte. Mellom anna har forskinga i større grad vorte organisert i forskingsgrupper (sjå Vedlegg 1), og dei har sidan 2019 fått eigne midlar til fagleg aktivitet. Det er oppretta ei forskingsgruppe for nynorsk skriftkultur i samarbeid med Universitetet i Bergen. Forskingssjef med mobilisering av søknader om eksterne forskingsmidlar har vorte tilsett i 2018, og både Forskingsadministrasjonen og Forskingsutvalet arbeider med å gjere prioriteringane av FoU-ressursane meir målretta for å auke forskingsinnsatsen.

3. Sentrale støttefunksjonar og verkemiddel for forskning og utvikling

Forsknings- og utviklingsarbeidet ved Høgskulen i Volda (HVO) vert utført av den enkelte fagtilsette, i forsknings- og prosjektgrupper og innanfor rammene av strategiske mål og verkemiddel på avdelingane og fellesnivået.

3.1 Forskingsadministrasjonen

Frå 1. januar 2019 skifta FoU-administrasjonen namn til Forskingsadministrasjonen i samband med omorganiseringa av Fellesadministrasjonen ved HVO. Namneskiftet signaliserer eit sterkare fokus på forskning og forskingsstøtte. I 2019 besto Forskingsadministrasjonen av forskningssjef Henriette Hafsaas (100%) og forskingsrådgivar Geir Tangen (100%). I slutten av april gjekk Hafsaas ut i foreldrepermisjon. To personar vikarierte for forskningssjef resten av året. Ingvild Anita Grevstad Krogh vart tilsett i 50% som forskingsrådgivar med personvern og stipendiatoppfølging som særlege arbeidsfelt. Tidlegare FoU-koordinator Ola Teige gjekk frå 1. mai inn som fungerande forskningssjef i 50%.

3.2 Forskingsutvalet

Forskingsutvalet er høgskulens sentrale organ i forskningsspørsmål med mandat frå Høgskulestyret (Sak 4/2013). I 2018 og 2019 arbeida Forskingsutvalet med å revidere mandatet, og nytt mandat vart vedtatt i Høgskulestyret i sak 34/2019:

Forskingsutvalet er eit rådgivande og strategisk organ for rektor og Høgskulestyret i saker som gjeld forskning, formidling, innovasjon, forskarutdanning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. Forskingsutvalet skal legge til rette for diskusjon og erfaringsutveksling mellom avdelingane med sikte på å utvikle beste praksis i dei sakene som vert handsama.

Forskingsutvalet skal:

- fremje forskning ved Høgskulen i Volda (HVO) i tråd med strategiplanen
- gje råd om strategiar og tiltak som kan styrke omfanget og kvaliteten på forskning og utvikling ved HVO
- gje råd om forskarutdanning og stipendiatsatsing
- vere pådrivar for at forskinga ved HVO held høg kvalitet og fører til nasjonal og internasjonal vitskapleg publisering
- vere pådrivar for internasjonalisering av forskinga
- disponere og følgje opp bruken av dei strategiske forskingsmidlane ved HVO
- fremje god forskningsskikk gjennom å utarbeide forskningsetiske retningslinjer
- på førespurnad kvalitetssikre forskingsprosjekt ved HVO
- handsame årleg forskingsmelding som skal leggjast fram for Høgskulestyret
- gje innstilling til styret om FoU-prisen
- inspirere til formidlingsverksemd og godkjenne tildeling av interne FoU-poeng
- stimulere til studentaktiv FoU-verksemd

I 2019 vart det halde seks møte i Forskingsutvalet, og 43 vedtakssaker vart handsama. Rektor Johann Roppen leia Forskingsutvalet, og forskningssjef Henriette Hafsaas var sekretær for dei to første møta medan fungerande forskningssjef Ola Teige var sekretær for dei fire siste. Avdelingane var representerte med dekan og ein fagleg representant, studentane hadde to representantar, og stipendiatane hadde éin representant. Forskingsutvalet består av dei nemnde tolv faste medlemmane inkludert rektor. I

tillegg er forskningssjef sekretær for møta, og tre observatørar møter fast: Høgskuledirektør, biblioteksjef og FoU-rådgivar (sjå Vedlegg 2 for Forskingsutvalets samansetning i 2019).

3.3. FoU-arbeidet på avdelingane

Det meste av FoU-arbeidet foregår på avdelingane i FoU-tida til dei vitenskapleg tilsette. Dekanen på kvar avdeling disponerer FoU-ressursen gjennom arbeidsplanar der kvar enkelt tilsett får definert tid til både undervisning og forskning. Fordelinga av arbeidsoppgåvene skal ta omsyn til kompetanse, interesser og aktuelle behov i avdelingane.

Ramma for fordelinga av FoU-tida er styrevedtak 34/2015, der dei ulike kategoriane av fagtilsette får tildelt ulik tid til FoU etter kompetanse ifølgje retningsgivande satsar (Tabell 1). Dette er eit viktig verktøy, ettersom tildelinga av FoU-tid føreset dokumenterte resultat gjennom dei tre siste åra. Eit anna punkt i vedtaket er at alle fagmiljø bør ha avtale om at ein av dei tilsette med toppkompetanse skal bruke inntil 15 prosent av undervisningsressursen til forskingsleiing og rettleiing av kollegaene.

Tabell 1: Retningsgivande satsar i % for inndeling av arbeidstida i undervisning, FoU-tid og administrasjon. Styrevedtak 34/2015.

Stilling	Undervisning	FoU	Administrasjon	I alt
Professor/Dosent	50	45	5	100
Førsteamanuensis/førstelektor	55	40	5	100
Høgskulelektor	65	30	5	100

3.4 Internasjonalisering av forskinga

Den internasjonale forskingsverksemda ved HVO tar utgangspunkt i dei enkelte forskarane og deira nettverk. Nokre få forskarar er med i internasjonale forskingsprosjekt eller tilknytt internasjonale nettverksbyggande tiltak, mellom andre EUs COST Action. Tilsette ved HVO publiserer stadig oftare på engelsk for å nå ut til internasjonale fagfellar (sjå Kapittel 5.3 nedanfor). KD ønsker særleg auke i internasjonale forskingsprosjekt, som EU-midlar, og i internasjonal sampublisering, som gir større uttelling ved tildeling av publiseringspoeng.

I løpet av året er det mange tilsette som deltek med presentasjonar på internasjonale konferansar. Fleire forskarar reiser dessutan til utlandet for studieopphald og forskingsutveksling som del av utanlandsopphald i PhD-løpet, i regi av Erasmus+-programmet eller med anna støtte. Dette er viktige tiltak for å etablere kontakt med fagfellar i andre land, og dette bør på sikt gi fleire internasjonale sampubliseringar, fleire artiklar på engelsk og fleire søknader om EU-midlar.

3.5 Støtteordningar for forskning

Det finst ei rekke felles støtteordningar for forskingsarbeid ved Høgskulen i Volda. Målsettingane med desse er kompetanseheving, vitenskaplege publikasjonar og søknader om eksterne forskingsmidlar.

3.5.1 FoU-stipend («vikarstipend»)

Føremålet med FoU-stipenda er å gje fagleg tilsette høve til å arbeide konsentrert med forskingsarbeid i eitt semester. Kvart år har det vorte delt ut ti FoU-stipend etter ein prosess der alle fast tilsette vert inviterte til å kome med søknader. Det er Forskingsutvalet som deler ut FoU-stipenda. I 2019 vart det tildelt femten FoU-stipend for uttak i 2020:

1. Øystein Salhus, AKF
2. Thomas Lewé, AMF

3. Svein Brurås, AMF
4. Vidar Myklebust, ASH
5. Kjersti Straume, ASH
6. Inger Marie Okkenhaug, ASH
7. Margrete Homlong Øyehaug, ASH
8. Marit Gascogne, AHL
9. Silje Ims Lied, AHL
10. Marit Wadsten, AHL
11. Antje Meier, AHL
12. Tor Arne Haugen, AHL
13. Stig Helset, AHL
14. Kari Pauline Longva, AHL
15. Pernille Fiskerstrand, AHL

I HVOs strategiplan er rekruttering av fleire kvinner til toppstillingar ei viktig målsetting, og kvinner som er nær toppkompetanse vert prioriterte ved tildeling av FoU-stipend. I 2019 fekk kvinner tildelt ni av dei femten FoU-stipenda.

Ordninga med FoU-stipend er eit viktig element i den eigenfinansierte 5-årige doktorgradsutdanninga der fast tilsette kan gå inn ei ordning der dei får to FoU-stipend i løpet av PhD-studiet. FoU-stipend vert også nytta etter same mønster i ordninga med professorstipend.

FoU-stipendordninga saman med retningslinjer og søknadsskjema vil verte evaluerte i 2020.

3.5.2 *Professor-/dosentstipend*

Sidan 2014 har HVO med ujamne mellomrom tildelt professor-/dosentstipend som eit tiltak for å auke talet på toppkompetente.⁹ Stipenda følgjer i stor grad vilkåra for interne doktorgradsstipend. Det vil seie 50 prosent arbeidstid til å forske og to FoU-stipend i løpet av perioden. Sidan 2017 har stipenda vore gitt for tre år medan dei vart gitt for fem år i dei to første tildelingane. Dei som tar del i ordninga får også driftsmidlar som doktorgradsstipendiatane og kan søkje om utanlandsstipend på like linje med dei. Sidan 2014 har tre av ti stipendmottakarar oppnådd professorkompetanse (Tabell 2).

Tabell 2: Tildelte professor-/dosentstipend og oppnådd professorkompetanse.

Tilsett	Avdeling	Startdato	Sluttdato	Professorkompetanse
Homlong, Nathalie	ASH	H2014	V2019	2015
Sæther, Knut Willy	AHL	H2014	V2019	2017
Torrissen, Wenche	AKF	H2014	V2019	2019
Hovlid, Ellen Lexerød	AMF	V2015	H2019	
Erdal, Ivar John	AMF	V2015	H2019	
Fooladi, Erik	AHL	V2017	H2019	
Fondevik, Birgitte	AHL	V2017	H2019	
Lillebø, Jonas Gamborg	AHL	V2019	H2021	
Løvoll, Helga Synnevåg	AKF	V2019	H2021	
Rogne, Wenche Mork	AHL	V2019	H2021	

Ordninga er relativt kostbar for HVO ettersom kvart professor-/dosentstipend har ein kostnad på kr. 550 000 (FoU-stipend og driftsmidlar). I tillegg kjem ekstra FoU-tid i fire semester og eventuelle utanlandsstipend. Fire av stipendmottakarane avslutta stipendperioden hausten 2019, og dei fleste av

⁹ Sjå meir info her: <https://www.hivolda.no/forskning/stotteordningar/professor-dosentstipend-0>

desse vil sende søknad om opprykk i løpet av 2020. Ordninga med professor-/dosentstipend vil i 2020 verte evaluert for å sjå på kriteria for å få stipend, søknadsprosessen, og korleis støtta er utforma. HVO vil ha stort behov for å bygge toppkompetanse i dei kommande åra også, og då er det viktig at tiltaket verkar etter intensjonen.

3.5.3 Såkornmidlar

Såkornmidlar «skal bidra til auka forskingsaktivitet ved HVO ved å stimulere og hjelpe til å sette i gang forskings- og utviklingsprosjekt». Vidare heiter det at «søknader om støtte til å drive fram og utvikle søknader til regionale, nasjonale eller internasjonale (EU) forskingsfond og andre finansieringskjelder vil bli prioritert.». Føremålet med ordninga er å nå strategiplanens mål om å auke bidrags- og oppdragsinntektene og talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder. I 2019 vart det lyst ut kr. 900 000 i såkornmidlar. Til saman 10 prosjekt fekk innvilga heile eller delar av summen dei søkte om (sjå Tabell 3).

Tabell 3: Prosjekt som fekk tildeling av Såkornmidlar i 2019.

Nr.	Prosjektleder	Avd.	Prosjekt	Tildeling
1	Inger Marie Okkenhaug	ASH	<i>Refugees, resettlement and humanitarian actors in Mediterranean regions, 1860-2020.</i> Workshop og forskningssøknader (Riksbankens jubileumsfond og EU).	98 000
2	Siv T.M. Gamlem	AHL	<i>Fagfornyng – ny reform i grunnskulen.</i> Skriveverkstad og antologi.	78 500
3	Hilde Opsal	AHL	<i>Begynneropplæring i matematikk.</i> Ny søknad til FINNUT (NFR)	93 000
4	Stig Helset	AHL	<i>Vilkår for nynorsk mellom unge.</i> Publisering av vitskapleg skriftserie om SKRIFTKULTUR på Cappelen Damm Akademisk	78 500
5	Nathalie Homlong	ASH	<i>Kommunenenes arbeid med forebygging av plastforurensning.</i> Konferansedeltaking og forskningssøknad (FORREGION og REF MIDT).	102 000
6	Paul Bjerke	AMF	Problemstillingar knytt til media, profesjonar, tillit og velferd	100 000
7	Alf Roger Djupvik	ASH	Leiging av lokale NAV-kontor	100 000
8	Stig Helset	AHL	Nynorsk skriftkultur	59 000
9	Marie Nedregotten Sørbo	AHL	Women Writers in Past European Culture	100 000
10	Wenche Torrisen	AKF	Shared reading/felleslesing	100 000
Totalt				909 000

3.6 Publiseringsutvalet

Publiseringsutvalet vart oppretta i 2013 og har ansvaret for rådgiving og utvikling når det gjeld publisering, fri tilgang (Open Access), rapportering av vitskaplege publikasjonar og tildeling av interne FoU-poeng. Publiseringsutvalet er også redaksjon for skriftseriane og kan tildele trykkjestøtte. Rektor

er leiar for publiseringsutvalet, og forskingsrådgivar Geir Tangen er sakshandsamar. I 2019 vart det halde eitt møte i Publiseringsutvalet og éi sak vart handsama.

Høgskulen i Volda gir ut to skriftseriar, *Rapport* og *Notat*, med ulike tersklar for kvalitetssikring og godkjenning. I 2019 vart det publisert 13 rapportar og 10 notat. Skriftseriane vert gjort tilgjengelege på høgskulens nettsider gjennom det opne institusjonsarkivet Bravo.

Trykkjestøtte vert gitt som eit tilskot for å sikre publisering i eksterne publiseringskanalar, først og fremst på forlag. Vitskaplege monografiar og antologiar utgitt på godkjente vitskaplege forlag vert prioriterte, men også andre typar utgivingar kan få stønad. Støttebeløpet vil variere med trykkjekostnader og budsjettsituasjon. Tildelt trykkjestøtte i 2019 var i alt kr. 173 350 for til saman 10 publikasjonar (Tabell 4).

Tabell 4: Oversikt over tildelt trykkjestøtte i 2019.

Forfatter	Publikasjon og forlag	Stønadssum
Stuart Franklin	Still, Small Voice. On Ambiguity in Art and Photography. Transcript.	17 000
Ola Teige	Fredsårene: Norge i fred 1720-1807. Dreyers Forlag.	25000
Stig J. Helset	Skriftkultur. Cappelen Damm Akademisk.	25000
Rolf Werenskjold	Ekko fra Spania - borgerkrigen i norsk offentlighet. Dreyers Forlag.	25000
Mohammad Javad Khajavi	Arabic Script in Motion. Palgrave Macmillan.	1350
Andreas Aarflot	Berte Kanutte Aarflot. Cappelen Damm Akademisk.	25000
Bente Afset og Arne Redse	Religion og etikk i skole og barnehage. Cappelen Damm Akademisk.	25000
Burcu S. Peksevgen	La Presentation de la Culture...Peter Lang.	25000
Ana Luisa S. Laws	Conceptualizing Immersive Journalism. Routledge.	5000
Totalt		173 350

Høgskulen sette i budsjettet for 2014 av kr. 100 000 i eit publiseringsfond for tidsskriftartiklar med open tilgang (Open Access). Dette var ei prøveordning i 2014 og 2015, og ordninga vart vidareført frå og med 2016. I 2019 har publiseringsfondet tildelt kr. 47 085 i støtte til 7 publikasjonar. Inntil halvparten av beløpet som vert brukt kvart år vert refundert frå NFR. Ordningane med trykkjestøtte og publiseringsfond vert reviderte i 2020.

3.7 Forskingsetikk

Forskingsutvalet ved Høgskulen i Volda har vedtatt forskningsetiske retningslinjer.¹⁰ Det vart oppretta eit felles «Redelighetsutvalg» saman med Høgskolen i Molde og Møreforskning i 2018.¹¹

3.7.1 Personvernombodet for forskning

I 2018 trådde ny Personvernforordning (General Data Protection Regulation [GDPR]) i kraft. I samband med dette har HVO utnemnt Cecilie Røeggen til personvernombod. Ved handsaming av personopplysningar har forskarar og studentar ved HVO framleis plikt til å registrere og dokumentere handsaminga av personopplysningane og melde dette til NSD. I løpet av 2020 vil høgskulen innføre nye retningslinjer og rutiner for personvern i forskning.

¹⁰ Sjå <https://www.hivolda.no/forsking/forskingsetikk-og-personvern/forskingsetiske-retningslinjer-hvo>

¹¹ Sjå <https://www.hivolda.no/forsking/etikk-og-personvern/redelighetsutval>

I Tabell 5 nedanfor går det fram kor mange prosjekt ved HVO som har vorte meldt til NSD gjennom dei ti siste åra. AHL etterfulgt av ASH har flest melde prosjekt.

HVO betalar eit grunnbeløp og i tillegg ei avgift på kr. 2 300 pr. melde prosjekt. I 2019 var dei samla utgiftene til NSD på kr. 134 000. Forskingsutvalet har vedtatt at avgifta skal ligge på fellesnivået.

Tabell 5: Prosjekt frå HVO innmeldt til Personvernombodet for forskning (NSD), 2008-2018, fordelt på avdelingar (NSD).

Avdeling	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Sum
AHL	12	13	17	21	21	16	18	17	37	33	10	215
AKF	2	4	2	16	8	5	7	5	9	2	3	63
AMF	2	0	0	0	0	2	0	1	1	4	1	11
ASH	3	10	13	9	16	19	17	16	11	17	6	137
Andre	0	0	0	2	2	0	2	2	1	0	0	9
Sum	19	27	32	48	47	42	44	41	59	56	20	415
Studentprosjekt	11	20	27	43	42	32	35	27	39	43	12	331
Forskarprosjekt	8	7	5	5	5	10	9	13	20	13	8	103

4. Doktorgradsutdanning

Stipendiatstillingar er den viktigaste av dei sentrale FoU-ressursane ved Høgskulen i Volda. I 2019 vart det utført 24,4 årsverk av stipendiatane ved HVO (DBH). Talet på stipendiatar i arbeid er høgare enn talet på heimlar sidan fleire stipendiatar er inne i fireårige ordningar som inkluderer pliktarbeid. HVO har også løyvingar til stipendiatstillingar gjennom eksternt finansierte prosjekt, og denne delen bør auke for å sikre rekruttering og kompetansebygging.

På høgskulens nettsider er det eit oversyn over alle som arbeider med doktorgradsprosjekt ved HVO. I skrivande stund er det 40 namn på lista.¹² Lista omfattar både stipendiatar som er mellombels tilsette ved høgskulen, stipendiatar som er ferdige med stipendiatperioden og ikkje har levert avhandlinga enno og tilsette som arbeider med doktorgradsprosjekt innanfor den femårige ordninga eller som del av stillinga.

I 2019 fullførte fem tilsette ved HVO doktorgradsutdanning, men éin av dei hadde doktorgradsgivande institusjon som arbeidsgivar i stipendiatperioden slik at fire samarbeidsgradar vert kreditert HVO (Tabell 6). Det er ei utfordring å få doktorgradskandidatane til å gjennomføre på normert tid, og gjennomstrøyming i doktorgradsutdanninga er ein nasjonal styringsparameter (sjå Kapittel 4.2 nedanfor).

Tabell 6: Tabell over doktorgradar tildelt av andre institusjonar, men der HVO har vore arbeidsgivar for stipendiaten. Oversikt for perioden 2013-2019.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Doktorgradsdisputasar HVO-tilsette	7	6	5	5	2	5	4

I 2019 vart det utlyst 7 stipendiatstillingar av dei 8 stillingane som skulle lysast ut ifølgje planen i Forskingutvalets sak 9/17. Avdeling for mediefag tilsette to stipendiatar på utlysinga i 2017, så dei forskoterte ei stipendiatstilling på 2019. I samband med utlysingane av dei ordinære Ph.d.-stillingane for 2019 er seks stipendiatar i prosess med å verte tilsett, som vist i Tabell 7. Det har dermed vore tilsett færre stipendiatar enn høgskulen har midlar til. Årsaka er hovudsakleg at det er utfordrande å få tilstrekkeleg med kvalifiserte søkjarar – særleg på vårt eige program der det har vore utlyst tre Ph.d.-stillingar i året sidan 2015. Både i 2018 og 2019 vart det berre tilsett to stipendiatar kvart år. Ettersom

¹² Sjå <https://www.hivolda.no/phd/doktorgrad-volda/doktorgradsprosjekt-ved-hvo>

det over fleire år har vore tilsett færre stipendiatar på grunn av manglande utlysing og færre tilsettingar, samt at det er avsettingar på stipendiatkontoen grunna foreldrepermisjonar og langvarige sjukemeldingar, tok Forskingsutvalet i 2019 initiativ til å lyse ut fire opne stipendiatstillingar. Søknadsfrist var 20. februar 2020, og utlysinga fekk 34 søkjarar. Det var tilsetting i stillingane på slutten av mai 2020.

Tabell 7: Utlyste stipendiatstillingar i 2019 og tilsettingar som følge av utlysingane.

Ordinære utlysingar ifølge FU sak 9/17	Utløst	Søkjarar	Tilsett
Profesjonsutøving: vilkår og utvikling – st. nr. 45/2019	3	15	Tilbod til 2
Lærarutdanning – st. nr. 56/2019	2	10	Tilbod til 2
Norsk (nordisk) språkvitskap – st. nr. 57/2019	1	5	Tilbod til 2
Leiing – st. nr. 62/2019	1	6	1
Avdeling for mediefag – stipendiat forskotert ved 2017-utlysinga	(1)		(1)
Sum	7 (8)	36	7 (8)
Ekstraordinær utlysing ifølge FU sak 11/19, 20/19 og 25/19			
Opne stipendiat – st. nr.	4	34	Tilbod til 4
Nynorsksenteret			
Nynorskopplæring – st. nr. 63/2019	1	3	Tilbod til 1
Totalt	12 (13)		

4.1 Doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag

Høgskulen i Volda har saman med Høgskolen i Molde eit akkreditert doktorgradsprogram i helse- og sosialfag: *Profesjonsutøving – vilkår og utvikling*. Doktorgradsprogrammet vart godkjent i 2014, og utdanninga starta opp hausten 2015. Ved utgangen av 2019 hadde Høgskulen i Volda tretten stipendiatar på programmet. Ingen av dei har fullført enno, og dei første innleveringane kan ventast i 2020.

For stipendiatane på doktorgradsprogrammet i helse- og sosialfag er det oppretta ei felles gruppe, Metodeforum, som har både faglege og sosiale aktivitetar. Metodeforum vart leia av førsteamanuensis Kjartan Leer-Salvesen i 2019. I 2019 vart det arrangert tre todagars seminar.

4.2 Gjennomstrøyming av stipendiatar

Det er eit nasjonalt mål å få fleire stipendiatar raskare gjennom doktorgradsutdanninga. Ved HVO får så godt som alle stipendiatane forlenga stipendiatperiodane sine – hovudsakeleg på grunn av sjukdom og/eller omsorgspermisjon. Det er difor svært få stipendiatar som fullfører sine prosjekt på tidspunktet som vert avtala ved prosjektstart.

Ei doktorgradsutdanning er normert til tre år og har ofte eitt årsverk med pliktarbeid i tillegg. Ved HVO er det også fleire stipendiatar som er inne i eit femårig internt løp. Den delen av eit gitt årskull som har disputert innan seks år etter oppstartsåret på doktorgradsprogram er ein nasjonal styringsparameter. Denne parameteren tar dermed eit visst omsyn til lengre opphald i utdanninga som følge av permisjonar (TR 2019: 53). Av dei åtte stipendiatane som starta på doktorgradsutdanninga ved HVO i 2013 hadde berre to disputert ved utgangen av 2019. Det vil seie at 25 prosent av stipendiatane som starta i 2013 disputerte innan seks år (Tabell 8). Nasjonalt gjennomførte 66 prosent av stipendiatane som starta i 2013 innan seks år (TR 2019: 53). Ved HVO har fire stipendiatar som starta før 2012 enno ikkje disputert.

Tabell 8: Gjennomstrømminga av doktorgradsstipendiatar ved Høgskulen i Volda. Gjeld årskulla med oppstarta mellom 2010 og 2014. Årskullet med start i 2013 har hatt seks år på gjennomstrøyming i 2019.

År start PhD	2010	2011	2012	2013	2014
År sidan start	9	8	7	6	5
Tal studentar som starta på PhD	2	3	1	8	7
Tal disputasar før 6 år	0	1	0	2	3
Prosentdel som har disputert før 6 år etter oppstart	0%	33%	0%	25%	- (43%)
Tal som har disputert til 1. tertial 2020	2/2	1/3	0/1 *men har levert	3/8	3/7
Kor mange er i 5-årig løp?	0	0	1	4	0
Kor mange i 5-årig løp har levert/disputert?	-	-	1/1	2/4	-

Eit verkemiddel for å følgje opp stipendiatane og styrke gjennomføringsgraden er *Avhandlingsforum* der stipendiatar og andre som arbeider med PhD-prosjekt legg fram projektskisser, utkast til kapittel og artiklar. Avhandlingsforum vart leia av professor Jan Inge Sørbo i 2019. Avhandlingsforum hadde 10 møte i 2019 – fem kvart semester. På dei fleste møta var det framlegg frå stipendiatane, men det var også møte med inviterte innleiarar, som presenterte tema som artikkelskriving og argumentasjon. Eitt av møta var eit lunsj-til-lunsj-seminar på Runde.

4.3 Forskarskular

For å støtte dei som tek PhD-utdanning, er Høgskulen i Volda medlem av regionale og nasjonale forskarskular på fagområde som er relevante for våre stipendiatar og fagfolk.¹³

I dag er HVO med i desse forskarskulane:

- NAFOL (Nasjonal forskarskule for lærarutdanning)
- WNGER II (Western Norway Graduate School of Education II)
- Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies
- RVS (Religion Values Society)
- Den nasjonale forskerskolen i historie

Felles for desse forskarskulane er at HVO forpliktar seg som institusjon til å delta gjennom å betale for medlemskap. Deltakinga i forskarskulane frå HVOs stipendiatar varierer.

4.4 Ressursar til stipendiatar

Alle stipendiatar får kr. 150 000 i driftsmidlar i løpet av stipendperioden. I tillegg kan dei søke Forskingsadministrasjonen eller Forskingsutvalet om støtte til utanlandsopphald, språkvask og internasjonale konferansar. Stipendiatane har samlokaliserte kontorplassar på Lettbygget.

¹³ Sjå <https://www.hivolda.no/phd/forskarskular-og-forskarkurs>

5. Publisering og formidling

Forsking er éi av hovudoppgåvene til Høgskulen i Volda. Vitskapleg publisering av forskingsresultat er viktig for å bidra med kunnskapsutvikling i fagfelt, både til fagfellar og profesjonane. Vitskapleg publisering er også svært viktig for HVO i samband med NOKUT sine akkrediteringar av studieporteføljen.

Formidling er også ein viktig del av samfunnsoppdraget til høgskulen. Gjennom til dømes populærvitskaplege publikasjonar, foredrag og kronikkar vert forsking formidla både til profesjonsutøvarar og åtmenta.

5.1 Vitskapleg publisering ved Høgskulen i Volda

Vitskaplege publiseringspoeng er eit viktig måltal for volumet og kvaliteten på forskingsaktiviteten ved HVO. Dei vitskaplege publiseringspoenga er éin av dei nasjonale styringsparameterane frå KD. Publiseringspoeng er difor også ein av måleparameterane i Utviklingsavtalen som høgskulen har med KD og som gjeld for tidsrommet 2019 til 2022. Dei vitskaplege publiseringspoenga er dessutan grunnlag for ei resultatbasert omfordeling innanfor UH-sektoren. I 2019 fekk HVO ei utteljing på 2,23 millionar kroner basert på publiseringspoenga for 2017.

HVO hadde ein auke i samla publikasjonspoeng frå 97,2 i 2018 til 108,4 i 2019, som utgjer ei auke på 11,2 poeng. Vi er då nesten tilbake på nivå med 2017 då HVO hadde 108,8 publikasjonspoeng totalt, men vi er framleis litt under toppåret 2015 med 111,6 poeng. HVO hadde også ei positiv utvikling i publikasjonspoeng pr. tilsett i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (UFF) frå 0,42 i 2018 til 0,46 i 2019. I 2018 leverte Høgskulen i Volda dårlegast av dei statlege høgskulane når det gjeld vitskaplege publiseringspoeng, og vi har diverre ikkje løfta oss frå denne plassen i 2019.¹⁴ Tabell 9 viser publiseringspoenga for samanliknbare institusjonar totalt og pr. UFF-årsverk i 2018 og 2019, samt endringa frå den eine året til det neste. Av dei ande høgskulane som hadde ein auke, hadde HVO likevel den lågaste auken med 0,04 poeng pr. UFF-årsverk. Målet i Utviklingsavtalen er å auke den årlege produksjonen av publiseringspoeng pr. UFF-årsverk til 0,65 i 2022.

Tabell 9: Samanliknbare institusjonar rangert etter publiseringspoeng pr. fagtilsett i 2019 (gul bakgrunn) saman med totalt tal på publiseringspoeng for 2019, tilsvarende tal frå 2018, og endring frå 2018 til 2019. (TR 2019).

Institusjon (SH + HiM)	Publikasjonspoeng		Publikasjonspoeng pr. UFF		Endring 2018-19	
	2018	2019	2018	2019	Totalt	Pr. UFF
Høgskolen i Molde	124,6	109,6	0,94	0,74	-15,0	-0,20
Høgskolen i Innlandet	383,8	459,3	0,64	0,74	75,5	0,10
Høgskolen i Østfold	194,9	254,7	0,57	0,73	59,8	0,16
Høgskulen på Vestlandet	602,5	725,0	0,54	0,65	122,5	0,11
Høgskulen i Volda	97,2	108,4	0,42	0,46	11,2	0,04

Ved HVO er det fleire UFF-tilsette som utmerker seg med mange publiseringspoeng pr. år. Samstundes har HVO mange som ikkje publiserer vitskapleg. Ei undersøking i Forskingsmeldinga for 2018 (s. 17 og tabell 8) synte at ca. 40 prosent av UFF-årsverka ved HVO ikkje hadde publisert vitskapleg dei siste fire åra. Resultata er summert opp i Tabell 10. Det var som venta høgast publiseringsfrekvens mellom

¹⁴ Med unntak av Samisk høgskule som hadde ein nedgang frå 0,45 til 0,36 poeng frå 2018 til 2019. Samisk høgskule har få UFF-årsverk og det gir stor variasjon pr. år. Gjennomsnittet publikasjonspoeng for Samisk høgskule var 0,61 poeng pr. UFF i perioden 2011-2019 medan talet for Høgskulen i Volda var 0,50 poeng.

professorane og dosentane, og lågast mellom høgskulelektorane. Høgskulelektorane, særleg dei som er i mellombelse stillingar, har gjerne ikkje FoU-tid.

Det er alvorleg at vi ikkje klarer å auke den vitskaplege publiseringa meir til tross for sterkt fokus på dette dei siste åra.

Tabell 10: Publiseringsbidrag pr. stillingskategori ved HVO i perioden 2015-2018 (Cristin-rapportering).

Stillingskategori	Professor og dosent	Førsteamanuensis og -lektor	Høgskulelektor
Publiseringsbidrag	65% har publisert meir enn 0,5 poeng pr. år i perioden	23% har publisert meir enn 0,5 poeng pr. år i perioden	65% har ikkje publisert i det heile tatt i perioden

For dei fleste universitet og høgskular har utteljing for publiseringspoeng vist seg å vere eit effektivt insentiv over tid. Diagram 1 viser at dei andre statlege høgskulane har hatt ein gradvis og jamn auke i publiseringspoeng pr. UFF-årsverk – frå 0,25 poeng i 2007 til 0,66 poeng i 2019. HVO låg over gjennomsnittet for statlege høgskular fram til 2015. I 2015 vart det innført ein ny modell for berekning av publikasjonspoenga (sjå kapittel 5.2 nedanfor), så summane før og etter 2015 er ikkje direkte samanliknbare. I 2016 publiserte tilsette i faglege stillingar ved HVO færre publiseringspoeng enn gjennomsnittet blant høgskulane, og denne utviklinga har forsterka seg dei tre siste åra. Det ser dermed ut til at den nye berekning ikkje slår så heldig ut for HVO.

Diagram 1: Publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved dei fire avdelingane ved HVO (stolpar). Dette er stilt saman med gjennomsnittet for HVO (linje) og statlege høgskular* (stipla linje) i åra 2007-2019 (DBH). *Dei statlege høgskulane er: Høgskolen i Innlandet, Høgskolen i Østfold, Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet og Samisk høgskole.




Diagram 1 viser også utviklinga i produksjon av publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved HVO på avdelingsnivå. Tellekantsystemet for vitskaplege publikasjonar vart innført nasjonalt i 2006, og dei fire noverande avdelingane på HVO har eksistert sidan 2007. Det er ein del svingningar frå år til år på alle avdelingane, men dette er mest merkbar for AMF. Dei to største avdelingane, AHL og ASH, har stortsett lege over gjennomsnittet for statlege høgskular, men i 2018 fall begge under gjennomsnittet og der ligg dei også i 2019. ASH har også falle under gjennomsnittet ved HVO dei to siste åra, men hadde heldigvis ein auke i 2019 frå botnåret i 2018. Det er bekymringsfullt at den vitskaplege

publiseringa er så svak for den einaste avdelinga som har doktorgradsprogram ved HVO. Det er også grunn til uro at den vitenskaplege publiseringa ved den største avdelinga AHL har halde fram med å falle i 2019, sjølv om den framleis ligg over gjennomsnittet ved HVO. AMF hadde eit stort fall i tal på publiseringspoeng i 2017, men har tatt seg opp att i 2018 og 2019. AKF ligg godt under gjennomsnittet for statlege høgskular, men har hatt ein auke i publisering – særleg dei siste åra.

I Etatstyringsbrevet i 2019 påpeika KD at HVO har utfordringar når det gjeld forskingsproduksjonen og at talet på publiseringspoeng ligg godt under snittet blant statlege institusjonar. Hausten 2018 vedtok Forskingsutvalet og Høgskulestyret ved HVO at 2,3 millionar kroner frå stimuleringa av ordninga med interne fou-poeng vert overført til tiltak for å auke den vitenskaplege publiseringa. Tiltaka som det vert satsa på er støtte til forskingsgruppene og fleire FoU-stipend. Det betyr at det i 2019 vart brukt 1,3 millionar kroner til å stimulere faglege aktivitetar i forskingsgruppene etter søknad, og 1 million kroner gjekk til fem ekstra FoU-stipend. Det er ei uttalt forventning om at desse tiltaka skal resultere i fleire vitenskaplege publikasjonar frå 2020. I løpet av dei neste åra må HVO halde fram med å arbeide strategisk og systematisk for å auke volumet på den vitenskaplege publiseringa.

5.2 Publisering i tidsskrift, antologiar og bøker

Forskarane ved Høgskulen i Volda publiserer i eit vidt spekter av vitenskaplege kanalar. Publikasjonar i kategoriane vitenskaplege monografiar (bøker), antologiar (bokkapittel) og tidsskriftartiklar (i periodika) vert inkluderte i publiseringsdatabasen Norsk vitkapsindeks (NVI) og gir utteljing i KDs resultatbaserte omfordelingsmodell. Dei ulike publikasjonane får utteljing etter kvalitetsnivået på publiseringskanalen og forma på publikasjonane (sjå vekting i Tabell 11 nedanfor). Rangeringa av publikasjonsformer er etter estimert arbeidsmengde. Ein monografi er estimert til å tilsvare ca. fire artiklar i vitenskapleg tidsskrift, og ein artikkel i ein antologi er antatt å omfatte mindre arbeid enn ein artikkel i eit vitenskapleg tidsskrift.¹⁵ I tillegg har sampublisering med fagfellar utanfor eigen institusjon vorte premiert sidan 2015. Dette reknast ut ved at ein får kvadratrot av institusjonens forfatterandelar delt på det totale talet på før ein multipliserer med poeng for nivå og publikasjonsform. Internasjonalt samforfattarskap vert premiert ytterlegare ved at institusjonens poeng framkome ved utrekninga for sampublisering vert multiplisert med ein faktor på 1,3. NSD fører liste over godkjente vitenskaplege publikasjonskanalar – både tidsskrift og forlag. Det er opp til forskarane å passe på at kanalane dei vel å publisere forskingsresultata i er godkjende.¹⁶

Tabell 11: NVI-vekting etter publikasjonsform og kvalitetsnivå.

Kategori	Nivå 1	Nivå 2
Monografi med ISBN/ISSN	5	8
Artikkel i tidsskrift og serier med ISSN	1	3
Artikkel i antologi med ISBN	0,7	1


Diagram 2 syner publiseringspoeng pr. UFF-årsverk ved HVO saman med korleis dei vitenskaplege publiseringane fordeler seg i forhold til kvalitetsnivå på publiseringskanalane og forma på publikasjonen. Den resultatbaserte modellen gir størst uttelling for publikasjonar på nivå 2, som er dei mest prestisjefylte publiseringskanalane. I perioden frå 2007 til 2019 har publikasjonar på nivå 2 ved HVO variert årleg mellom 8,1 prosent som det lågaste i 2015 og 22,3 prosent som det høgaste i 2016. Diverre hadde HVO ein nedgang i talet publikasjonar på nivå 2 frå 20,3 prosent i 2018 til 12,1 prosent

¹⁵ Sjå <https://dbh.nsd.uib.no/pub/hjelp.jsp?>

¹⁶ Sjå <http://dbh.nsd.uib.no/kanaler/>

i 2019. Det er lågast i sektoren og godt under gjennomsnittet på 21,3 prosent for statlege høgskular (TR 2019: Vedleggstabell 3.18). KDs mål for UH-sektoren er at 20% av publikasjonane skal vere på nivå 2 (TR 2019: 57). Det er også nedslåande at talet artiklar i tidsskrift (periodika) har minka etter eit positivt oppsving i 2018, særleg sidan berre 12 av 74 tidsskriftbidrag er på nivå 2. Artiklar i tidsskrift gir høgare utteljing enn artiklar i antologiar (sjå Tabell 11 ovanfor). Ved HVO er berre 6 prosent av antologibidraga på nivå 2 medan tilsvarande for tidsskriftbidraga er 16 prosent. Det var ein liten auke i publikasjonspoeng for monografar. Sjølv om volumet på den vitenskaplege publiseringa har auka frå 2018 til 2019, så kan vi diverre ikkje sjå den same auken i kvalitet målt utifrå parameterane til tellekantsystemet. Fleire publikasjonar på nivå 1 og i antologiar gjer også at utteljinga for den vitenskaplege publiseringa vert lågare ved HVO. Publisering av antologiartiklar på nivå 1 kan vere eit tiltak for dei som manglar forskingserfaring og som treng å kome i gang med vitenskapleg publisering. Det er likevel publikasjonar i vitenskaplege tidsskrift på nivå 1 og særleg på nivå 2 som er den akademiske valutaen som gir sterkast utteljing – både for institusjonen i form av resultatbasert finansiering og for den enkelte fagtilsette i form av kompetansebygging.

Diagram 2: Publiseringspoeng pr. UFF-årsverk (stolpar), publiseringsform (linjer) og kvalitetsnivå (stipla linjer) ved HVO i perioden 2007-2019 (DBH og Cristin).



5.3 Internasjonal publisering


Endringa av modellen for utrekning av publikasjonspoeng i 2015 premierer internasjonalt samforfattarskap med 30 prosent (sjå kapittel 5.2 ovanfor). Det har ført til at det har vorte vanlegare med samforfattarskap med utanlandske fagfellar og med fleire vitenskaplege tekstar på engelsk.

Diagram 3 viser at det har vore ein auke i talet på publikasjonar skrive på engelsk ved Høgskulen i Volda i løpet av dei siste åra. I frå 2015 til 2017 var det også ein auke i det prosentvise talet på publikasjonspoeng frå publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap, medan det var ein liten

reduksjon frå 2017 til 2018. Frå 2018 til 2019 har det vore meir enn ei dobling i den prosentvise delen publikasjonspoeng med internasjonalt samforfattarskap ved HVO.

Likevel viser Diagram 3 at andre samanliknbare institusjonar, som Høgskulen på Vestlandet og Høgskolen i Molde, har ein mykje høgare prosent publikasjonspoeng frå internasjonalt samforfattarskap. Gjennomsnittet i UH-sektoren er at 47 prosent av publikasjonspoenga kjem frå publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap (Cristin). Til tross for ei positiv utvikling for internasjonalt samforfattarskap ved HVO det siste året, så gjer den låge prosentdelen internasjonalt samforfattarskap ved HVO i samanlikning med andre institusjonar at vi også får dårlegare utteljing for vitskaplege publikasjonar.

Diagram 3: Talet på publikasjonar på engelsk ved HVO (stolpar). Samanstilt med publikasjonspoeng med internasjonale samforfattarskap i % ved HVO, HiM og HVL (linjer) (Cristin).




5.4 Publisering og kjønn

I Tilstandsrapporten vert også kvinnelege forskarar sin prosentvise del av forfattarbidraga målt. Tala for HVO samanlikna med andre statlege institusjonar er presentert i Diagram 4. Kvinnedelen av forfattarbidraga ved HVO varierer frå år til år. Det var ein nedgang frå 2018 til 2019, men det skuldast at det vart publisert tre monografiar av kvinnelege forskarar i 2018 og ingen i 2019.

I seks av dei ti siste åra, inkludert dei tre siste åra, ligg HVO over gjennomsnittet for statlege institusjonar. Dette er til tross for at HVO ligg under landsgjennomsnittet i prosentdel kvinner i første- og toppstillingar (sjå Kapittel 7.2. nedanfor). Det er difor positivt at HVO i 2019 ligg høgare enn gjennomsnittet blant dei statlege institusjonane og at 40% av forfattarbidraga kjem frå kvinnelege forskarar.

Diagram 4: Forfattarbidrag frå kvinner i prosent i perioden 2010 til 2019: Høgskulen i Volda og gjennomsnitt for statlege institusjonar (TR 2019: Vedleggstabell 3.19).




5.5 Formidling og interne publiseringspoeng

Sidan 2001 har Høgskulen i Volda hatt eit internt system for registrering og poenggiving av FoU-arbeid. FoU-arbeid som får uttelling i det nasjonale systemet for vitenskaplege publiseringspoeng vert ikkje rekna med i den «interne» poenggivinga. Dei interne poenga kan vere for publikasjonar som lærebøker, artiklar i allmenne tidsskrift, forskingsrapportar, bidrag i media og kunstneriske presentasjonar og produksjonar. Dei tilsette registrerer bidraga sine i Cristin, og FoU-administrasjonen klassifiserer bidraga etter eit detaljert poengsystem.¹⁷ Tvilssaker vert presentert for Publiseringsutvalet.

Forskingsadministrasjonen ved HVO bruker store ressursar på å registrere, klassifisere og omfordele interne midlar oppnådd gjennom forskingsformidling. Dette er noko som nesten berre HVO prioriterer å gjere i sektoren. I 2018 vart dei interne FoU-poenga premierte med 4,6 millionar kroner i interne overføringer. I budsjettet for 2019 er denne summen redusert til 2 millionar kroner, og 2,3 millionar kroner har vorte overført til tiltak for å stimulere til vitenskapleg publisering (sjå Kapittel 5.1 ovanfor).

Diagram 5 syner at det samla talet på interne poeng har vore nokså stabilt dei siste åra – med unntak av 2011 og 2017 då det var klart lågare produksjon. I 2011 var det i staden ein svært høg produksjon av eksterne poeng (sjå Diagram 6 nedanfor). Det var ein reduksjon i interne publiseringspoeng frå 2018 til 2019 – både totalt og pr. UFF-årsverk.


Diagram 5: HVOs interne publiseringspoeng – totalt (stolpe) og pr. UFF-årsverk (linje), i perioden 2007-2018.



¹⁷ Sjå https://www.hivolda.no/Interne_FoU-poeng_2011

I Diagram 6 er det presentert ei samanstilling av tal for HVOs FoU-produksjon målt etter både interne FoU-poeng og vitenskaplege publiseringspoeng. Diagrammet syner at produksjonen av interne poeng er meir stabil enn produksjonen av dei vitenskaplege publiseringspoenga – både totalt og pr. faglege årsverk. Dei vitenskaplege publiseringspoenga gir høgskulen resultatbaserte midlar frå KD medan dei interne poenga vert stimulert gjennom ei omfordeling av eigne midlar. Dei seks siste åra ser det også ut til at det er ein samanheng mellom toppar i vitenskaplege publikasjonspoeng og botnar i interne poeng og omvendt.

Diagram 6: HVOs FoU-produksjon etter interne poeng og vitenskaplege publiseringspoeng.



6. Bidrags- og oppdragsfinansiert FoU-arbeid

KD ser på bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) som ein indikasjon på samspelet mellom institusjonane og verda omkring, og omfanget av desse inntektene vert også sett på som ein indikator for forskingskvalitet (TR 2019: 63). Både bidragsinntekter frå Forskringsrådet og verdien av Horisont 2020-kontraktar pr. UFF-årsverk er nasjonale styringsparameterar.

6.1 Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd (NFR) er den største kjelda for finansiering av forskning i Noreg. I 2019 fekk universiteta meir enn 3,4 milliardar kroner frå NFR, medan dei statlege høgskulane fekk i underkant av 85,5 millionar kroner (Tabell 12). Høgskulen i Volda fekk i underkant av 2,9 millionar kroner frå NFR i 2019, som var ein beskjeden auke på kr. 160 000 frå 2018. I 2019 gjekk dermed nesten 94 prosent av Forskringsrådets løyvingar til universiteta – som er omlag det same som i 2018, og dei statlege høgskulane fekk til saman 2,3 prosent av løyvingane – ned frå 6 prosent i 2017. Dette skyldast mellom anna at to store høgskular vart universitet i 2018. Dei største universiteta får ein stadig større del av løyvingane. HVO fekk 0,7 promille av dei totale løyvingane frå NFR i 2019 – som er det same som i 2018. Det utgjer 3,4 prosent av løyvingane som gjekk til dei statlege høgskulane – ned frå 3,7 prosent i 2018. Høgskulen i Volda har dei lågaste NFR-inntektene blant samanliknbare høgskular i 2019, og vi ligg også lågast når det gjeld løyvingar pr. UFF-årsverk (sjå Tabell 13). Det prosjektet som gav størst inntekt frå NFR i 2019 var *DigiHand* (AHL). Resten av inntektene kom frå mindre prosjekt der forskarar ved HVO har ei rolle i prosjekt som er leia av andre institusjonar. Desse prosjekta var *SUSTRANS* (ASH), *Algae to future* (AMF), Lokalvalgundersøkelsene 2019-2023 (ASH) og *OMEN* (AMF).

Tabell 12: Tildelingar frå NFR i 2017, 2018 og 2019 i 1000 kroner (DBH).


Institusjon	NFR-midlar 2017	NFR-midlar 2018	NFR-midlar 2019
Statlege høgskular	210 715	74 666	85 494
Høgskulen i Volda	2 418	2 729	2 890
Universitet	3 019 231	3 219 862	3 429 987
Statlege vitskaplege høgskular	36 601	49 377	54 149
Kunsthøgskular	-	31	-
Private høgskular	1 798	3 966	8 220
Private vitskaplege høgskular	23 856	26 291	32 596
Andre organisasjonar	3 137	32 740	40 853
Totalt	3 297 756	3 409 662	3 654 189

Tabell 13: Tildelingar frå NFR til utvalde høgskular i 2018 og 2019 i 1000 kroner sortert etter NFR-midlar pr. fagtilsett i 2019 (DBH).

Institusjon	NFR-midlar totalt 2018	NFR-midlar pr. fagtilsett 2018	NFR-midlar totalt 2019	NFR-midlar pr. fagtilsett 2019
Samisk høgskole	3 872	77	6513	133,2
Høgskolen i Innlandet	18 858	31	23069	48,0
Høgskulen på Vestlandet	43 608	38	47543	44,4
Høgskolen i Molde	3 613	27	4697	31,9
Høgskolen i Østfold	5 599	16	5479	18,8
Høgskulen i Volda	2 729	11,8	2890	12,2

Diagram 7 syner omfanget på eksterne FoU-inntekter frå bidrag og oppdrag frå NFR, EU og regionale forskingsfond ved HVO i åra 2007-2019. HVOs inntekter frå NFR gjekk nedover frå toppåret i 2009 til botnåret i 2015. Frå 2014 til 2019 har inntektene frå NFR vore under 3 millionar i året, men talet for 2019 er det høgste på tre år.

Diagram 7: Oversikt over utviklinga i inntekter frå eksterne forskingsmidlar ved HVO i åra 2007-2017 (DBH).



Det er bekymringsfullt at løyvingane frå NFR går til universiteta i endå større grad enn tidlegare. Det skyldast nok ikkje berre at det er der dei beste forskarane er, men også at universiteta har eit heilt anna format på støtteapparatet rundt søknadsarbeidet. HVO har likevel eit potensial for å auke dei eksterne inntektene, men då må vi også prioritere ressursar til dette. I tildelinga for 2019 fekk éin HVO-forskar tilslag på ein NFR-søknad som samarbeidspartnar. I 2019 vart det sendt fem søknader til NFR med prosjektleiarar frå HVO, men ingen av dei fekk tilslag. Éin av desse vart forbetra og sendt inn igjen i 2020, og fleire søknader vil verte sendt inn på nytt i 2021 når vi har fått ytterlegare erfaring med NFR-søknader.

6.2 EU-midlar

Høgskulen i Volda har enno ikkje hatt noko resultat på styringsparameteren «Verdien av Horisont 2020-kontraktar», men vi har fått andre forskingsmidlar frå EU (sjå Diagram 7 ovanfor). I åra 2013 til 2017 hadde HVO ein prosjektdeltakar i det EU-finansierte forskingsprosjektet *Travelling Texts. The Transnational Reception of Women's Writing at the Fringes of Europe*¹⁸. Prosjektets deltakar frå HVO sendte den første søknaden frå HVO til EUs Horisont 2020 program i 2019. Søknaden fekk god vurdering, men den fekk diverre ikkje tilslag.

Fleire fagtilsette ved HVO vert no oppmoda om å melde seg på COST-nettverk for å knytte kontaktar med andre forskarar i Europa og for å auke sjansane for å verte med på søknader om forskingsmidlar frå EU.

¹⁸ Sjå <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/europeiske-forskingsmidlar-til-topprangert-prosjekt>


7. Fagtilsette: Kompetanse, alder og kjønn

Dei tilsette er Høgskulen i Voldas viktigaste ressurs, og vi må jobbe for å behalde, utvikle og rekruttere ny fagkompetanse for å ha høg kvalitet på forskinga og for å kunne tilby utdanningar av høg fagleg kvalitet. HVO står i eit generasjonsskifte der fleire tilsette med toppkompetanse vil gå av med pensjon. HVO har mange tilsette i PhD-løp, men vi må også i større grad jobbe systematisk for å rekruttere fleire førstekompetente. Føremålet med denne gjennomgangen er å gjere greie for status når det gjeld dei tilsettes kompetanse, kjønns- og alderssamansetning.

7.1 Fagleg kompetanse

Høgskulen hadde 212 årsverk i undervisnings- og forskarstillingar (utanom stipendiatar) pr. 1. oktober 2019 (DBH). Diagram 8 viser utviklinga innanfor dei faglege stillingane ved HVO dei fem siste åra.

Diagram 8: Tal på årsverk i undervisnings- og forskarstillingar ved HVO i perioden 2015 til 2019 (DBH).



Dei fagtilsette ved HVO fordeler seg hovudsakleg på tre stillingskategoriar: høgskulelektor, førsteamanuensis og førstelektor. Det har vore ein reduksjon i årsverk både i stillingane som krev toppkompetanse, professor og dosent, og blant høgskulelærane, som er for dei som ikkje har mastergrad. Reduksjonen i toppkompetente skuldast naturleg avgang medan fem høgskulelærarar fekk kompetanseopprykk til høgskulelektor i 2019.

Førstestillingar er stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarande, og aktuelle stillingskategoriar for HVO er førsteamanuensis, førstelektor, dosent, professor og professor II. KD ser på prosentdelen førstestillingar som ein indikasjon på kompetanseprofilen til dei tilsette ved ein institusjon (TR 2019: 73). Det har vore ein liten auke i talet på førsteamanuensar frå 2018 til 2019, men det har vorte færre førstelektorar. Saman med færre årsverk blant professorar og dosentar har det ført til ein reduksjon på 3,5 årsverk blant dei førstekompetente ved HVO. I 2019 vart dermed 49,5 prosent av dei faglege årsverka utførte av tilsette i førstestillingar (Tabell 14). I heile UH-sektoren hadde 75 prosent førstekompetanse. I 2008 hadde 44 prosent av dei faglege tilsette ved HVO førstekompetanse, så det

har vore ei positiv utvikling sidan då (DBH). Frå 2017 har det likevel vore ein nedgang ved HVO, og denne utviklinga må vi snu. Nedgangen skuldast at det har vore eit større oppsving i årsverk blant høgskulelektorar enn blant førstekompetente.

Tabell 14: Oversikt over årsverk i dei ulike faglege stillingskategoriane ved HVO i 2019 og tal på årsverk førstekompetente og toppkompetente (DBH).

Høgskulen i Volda 2019	Høgskule-lærer	Høgskule-lektor	Første-amanuensis	Første-lektor	Dosent	Professor	Professor II	Totalt	Endring 2018-2019
Årsverk (totalt)	15,7	91,5	56,1	25,6	2,2	19,1	2	212,2	5,5
Første-kompetente			56,1	25,6	2,2	19,1	2	105,0	-3,5
Topp-kompetente					2,2	19,1	2	23,3	-5,5

Frå 2018 til 2019 har det også vore ein reduksjon i talet på toppkompetente professorar og dosentar på 5,5 årsverk. Det er venta at denne reduksjonen delvis vert kompensert for ved kompetanseopprykk i 2020 (sjå kapittel 3.5.2. ovanfor). I 2019 hadde 11 prosent av dei fagtilsette ved HVO toppkompetanse mot 23 prosent i heile UH-sektoren.

I 2019 var det to tilsette som fekk opprykk til professor, og til saman fire fekk opprykk til førsteamanuensis eller førstelektor (Tabell 15 og 16). Opprykka til professor skjedde etter rapporteringstidspunktet, så dei er ikkje med i tabell 14.


I Utviklingsavtalen som HVO har med KD er det fastsett eit mål om at 60 prosent av dei fast tilsette fagtilsette skal ha førstekompetanse i 2022. For å nå dette målet, må vi auke talet på førstekompetente og/eller redusere talet på høgskulelektorar og -lærarar. Avdelingane må jobbe med kompetansekartlegging og kompetanseheving, og vi må satse meir på å tilsette førstekompetente i fast stilling enn mellombelse tilsette utan førstekompetanse. HVO har dessutan ulike ordningar for å støtte kompetanseheving i tillegg til den ordinære FoU-tida: FoU-stipend, professorstipend og stipendiatorstilling for tilsette. Forskingsadministrasjonen vil ta initiativ til eit kompetanseløft blant dei fagtilsette hausten 2020.

Tabell 15: Kompetanseopprykk blant tilsette ved HVO i perioden 2016 til 2019.

Kompetanseopprykk	2016	2017	2018	2019
Opprykk til professor/dosent	1	2	2	2
Opprykk til dosent	0	2	0	0
Opprykk til førsteamanuensis	5	3	3	2
Opprykk til førstelektor	0	2	3	2
Totalt	6	9	8	6

Det er fokus på kompetansebygging hos dei andre institusjonane også, og ingen samanliknbare institusjonar hadde færre førstekompetente enn HVO i 2019 (Diagram 9).

Diagram 9: Førstekompetente i % ved samanliknbare instistusjonar (TR 2019: Vedleggstabell 4.15). Tal til høgre viser endring frå 2018 til 2019 i prosentpoeng.



7.2 Kjønnssfordeling

Det er eit nasjonalt mål å arbeide for kjønnsbalanse og likestilling i academia. Talet på kvinner i faglege toppstillingar er difor ein nasjonal styringsparameter, og kjønnsperspektivet vert også lagt til grunn i vurderingar av søknader om midlar frå Forskningsrådet. Faglege toppstillingar omfatter professorar og dosentar.

I heile sektoren utgjorde kvinner 32 prosent av dei tilsette i toppstillingar i 2019, som er opp eitt prosentpoeng frå 2018 (TR 2019: 75). Ved HVO utgjorde kvinner 28,2 prosent av dei tilsette med toppkompetanse i 2019, mot 22 prosent i 2018. Det var dermed ein gledeleg auke på 6,2 prosentpoeng det siste året (TR 2019: Vedleggstabell 4.23). I årsverk utgjorde dei kvinnelege tilsette i toppstillingar ved HVO: 5 professorar, 1 dosent og 0,4 professor II. I tillegg fekk ei kvinneleg førsteamanuensis opprykk til professor på slutten av året – etter at tala vart rapporterte til DBH. Når det gjeld førstekompetente, så var kvinndelen ved HVO 45,7 prosent i 2019, mot 40,4 prosent i 2018 (TR 2019: Vedleggstabell 4.27). Det ga ein fin auke på 5,3 prosentpoeng. HVO ligg likevel i nedre sjikt blant høgskular vi bør samanlikne oss med når det gjeld kvinner i første- og toppstillingar (Diagram 10).

Diagram 10: Kvinndelen i % i første- og toppstillingar ved statlege høgskular i 2019 (TR 2019: Vedleggstabell 4.23 og 4.27). Raud linje markerer 50%.





Diagram 11 viser kvinnedelen innan faglege stillingskategoriar på HVO og utviklinga frå 2008 til 2019. Kvinner er i fleirtal blant stipendiatane og høgskulelektorane. I 2019 er for første gong på over ti år høgskulelektorar og ikkje stipendiatar den gruppa med størst prosentdel kvinner. Det er framleis eit stort fleirtal kvinner blant stipendiatane, sjølv om det har vore ein nedgang på 6 prosentpoeng kvinner i stipendiatstillingar det siste året. Det har vore ein markant auke på 7 prosentpoeng kvinnelege høgskulelektorar. Det er verdt å merke seg denne trenden, for det er naudsynt med kvinner i rekrutteringsstillingar om vi skal sikre kjønnsbalanse blant første- og toppkompetente på sikt.

Det er positivt at det har vorte kjønnsbalanse blant førsteamanuensane og førstelektorane etter ein auke på 4 prosentpoeng det siste året. Blant førsteamanuensane er 53 prosent kvinner, medan 46 prosent av førstelektorane er kvinner (DBH). Det er framleis stor overvekt av menn blant dei toppkompetente professorane og dosentane, men kvinnedelen har auka i 2019. Det har vore ein reduksjon i talet på kvinnelege høgskulelærarar med 25 prosentpoeng, men det skuldast i stor grad opprykk til høgskulelektor.

Diagram 11: Prosentdel kvinner i dei faglege stillingskategoriane ved HVO i åra 2008-2019 (DBH). Raud stipla linje markerer 50 prosent.




Utviklinga for HVO går i positiv retning når det gjeld del kvinner med førstekompetanse og del kvinner i toppstillingar. Likevel ligg HVO enno ikkje på ønskt nivå når det gjeld toppstillingar. Det er eit mål om å doble talet på kvinner i faglege toppstillingar før 2021 (Strategiplanen 2017-2020). Det utgjer minst fem fleire kvinner i dosent- eller professorstillingar enn i 2016 (4,5 årsverk). I 2019 vart 6,4 årsverk utført av kvinner i toppstillingar (DBH). Fram til målsettinga er nådd, er det viktig å prioritere kvinner som er nær toppkompetanse ved tildeling av professor-/dosentstipend, FoU-stipend, forskningstid og andre støtteordningar.

7.3 Aldersfordeling

HVO har i fleire år hatt den største prosentdelen toppkompetente over 60 år, men dette er noko som går i naturlege bølger. Det er likevel positivt at prosentdelen toppkompetente over 60 år ved HVO har vorte redusert i 2019. I 2018 var 68 prosent av professorane og dosentane over 60 år medan det er 56 prosent som er over 60 år i 2019 (Diagram 12). HVO har dermed ikkje lenger det høgste nivået på toppkompetente i aldersgruppa 60 år og eldre blant samanliknbare høgskular (sjå Diagram 12). Gjennomsnittet for dei samanliknbare høgskulane i Diagram 12 er at 45 prosent av professorane er over 60 år (DBH). Det er forventa at prosentdelen toppkompetente over 60 år vert ytterlegare redusert

i 2020 ettersom fleire yngre fagtilsette allereie har fått toppkompetanse medan dei eldste toppkompetente pensjonerer seg.

Diagram 12: Professorar i aldersgruppa 60 år og eldre i prosent ved utvalde høgskular i 2018 og 2019 (DBH). Den raude stipla linja viser nivået ved HVO i 2018 og den grøne i 2019.



7.4 Mellombelse tilsette

Det har vore stort fokus på det høge talet på mellombels tilsette i UH-sektoren generelt og i undervisnings- og forskarstillingar spesielt. Dette er derfor ein nasjonal styringsparameter. Åremålsstillingar, som omfattar mellom anna stipendiatar og ein del leiarstillingar, er pr. definisjon mellombelse og reknast ikkje med i denne samanhengen.

Det er eit mål for Høgskulen i Volda som statleg arbeidsgivar å ha eit lågt tal på mellombelse tilsette. HVO har redusert prosentdelen av mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar frå 21 prosent i 2008 til 11,7 prosent i 2017 (TR 2019: Tabell V4.28). Det har deretter vore ein auke igjen til 17,1 prosent i 2019. Samanliknbare høgskular har mellom 12 og 13 prosent mellombelse tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (TR 2019: Tabell V4.28), så HVO bør jobbe for å redusere talet til nivået vi var på i 2017. Det er likevel viktig å ha vikarar ved langtidsfråvær som følgje av sjukdom og permisjonar – elles vil underbemanning gå ut over kvaliteten på både forskning og undervisning. Det har også vore ein auke i mellombelse prosjektstillingar ved HVO som følgje av ekstratildelingar i samband med dei nye grunnskulemasterutdanningane og oppdrag i dei nye kompetanseutviklingsordningane. Vi må likevel vere merksam på at det går utover forskingsaktiviteten når det vert for mange høgskulelærarar og høgskulelektorar i mellombelse stillingar.

7.5 Kompetanseopprykk i 2019

I januar 2019 vart det halde opprykksmarkering for tilsette som har fått fagleg kompetanseopprykk til førstelektor, førsteamanuensis, dosent eller professor i dei tre førre åra. Ny opprykksmarkering vert truleg arrangert i 2022.

Tabell 16: Tilsette med fagleg opprykk i 2019. Etter liste frå Personalkontoret. Sortert alfabetisk innanfor kvar avdeling.

Namn	Avdeling	Ny stilling	År	Kommentar
Hildegun Valen Kleve	AHL	Førsteamanuensis	2019	PhD
Jan Håkon Vikane	AHL	Førsteamanuensis	2019	PhD
Gaute Hareide	AMF	Førstelektor	2019	
Steinar Høydal	AMF	Førstelektor	2019	
Wenche Torrissen	AKF	Professor	2019	
Kjartan Leer-Salvesen	ASH	Professor	2019	

Vedlegg 1: Forskingsgrupper ved Høgskulen i Volda

Pr. 03.06.2020. Sjå oppdatert liste her: <https://www.hivolda.no/forskingsgrupper>

A-kandidaten

Animation – før og no

Barn, barndom og hverdagsliv

Barnevernsforskning

Demokrati og medverknad

Drug addiction and recovery in Tanzania

Digital kultur og offentlighet

Forskning på skapande læringsprosessar i musikk

Forskningsgruppe Cardiff University – ASH

Forum for høgskulehistorie

Juss

Kultur møter

Kultur og helse

Litteratur

Litteratur og musikk

Livsløpsforskning

Læringsprosesser og vurderingshandlingar

Matematikdidaktikk

Media literacy og learning design

Mediedesign

Mediene og det internasjonale samfunn

Medier, profesjoner og samfunn

Metodeforum

Mikrohistorie

NAV-gruppe

Nynorsk skriftkultur

Profesjonsetikk

Profesjonsforskning

PPU-forskningsgruppe

Religion og livssyn

Research Group on Immersive Media and Multisensory Perception

Samfunnsfagdidaktikk

Shakespeare network

Spesialpedagogikk og inkludering

Språkleg og kulturelt mangfald

Språk og læring

Tidleg litterasitet/literacy i barnehage og skule

Tverrprofesjonelt samarbeid

Volda medvitsforum

Volda kritiske kammer

Vedlegg 2: Forskingsutvalets samansetning i 2019

Medlemmer, vara og observatørar i Forskingsutvalet i 2019

Faste medlemmer:	Eining	Vara
Leiar: Rektor Johann Roppen	Rektoratet	Prorektor Odd Helge Mjellem Tonheim
Dekan Odd Ragnar Hunnes (vår) Dekan Randi Bergem (haust)	ASH	Dosent Randi Bergem (vår) Høgskulelektor Nils Magne Magerøy (haust)
Professor Inger Marie Okkenhaug	ASH	Professor Finn Ove Båtevik
Dekan Arne Myklebust	AHL	Prodekan Per Halse
Dosent Arne Kåre Toppol	AHL	Førstelektor Birgitte Fondevik
Dekan Aud Folkestad (vår) Dekan Unni Hagen (haust)	AKF	Førsteamanuensis Wenche Torrisen
Førsteamanuensis Kjetil L. Høydal	AKF	Førsteamanuensis Helga Synnevåg Løvoll
Dekan Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (vår) Dekan Odd Ragnar Hunnes (haust)	AMF	Prodekan Paul Bjerke
Førsteamanuensis Ellen Lexerød Hovlid	AMF	Professor Henrik G. Bastiansen
Stipendiat Gunhild Nordvik Reite	Stipendiatane	Stipendiat Stein Conradsen
Student Jeanette Reisig (vår) Student Mathilde Gaalaas-Berg (haust)	Student-parlamentet	Student Marte Nesfossen (vår) Student Michelle Connor Sørensen (haust)
Student Synnøve O. Tangen (vår) Student Lars Grindvik Uri (haust)	Student-parlamentet	Student André K. Svarstad (vår) Student Trygve Taranger (haust)
Sakshandsamar og skivar:	Eining	
Forskingssjef Henriette Hafsaas, møte 1-2 Fungerande forskingssjef Ola Teige, møte 3-6	Forskings-administrasjonen	
Observatørar:	Eining	
Høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen	Leiinga	
Biblioteksjef Mona Iren Auganæs	Biblioteket	
Forskingsrådgivar Geir Tangen	Forskings-administrasjonen	
Forskingsrådgivar Ingvild Krogh	Forskings-administrasjonen	

Samansettinga av Forskingsutvalet er bestemt av Høgskulestyret i sak 4/2013.

- Funksjonstida for dei fagtilsette representantane er frå 1. mars 2017 til 28. februar 2020.
- Funksjonstida for stipendiatane er to år.
- Funksjonstida for studentrepresentantane er eitt år.

